

# onsdagsrennet



**Klare til start.** Det er like før årets sesong med onsdagsrenn skal starte og først på startlinja står Elita Tvinde (f.v.), Malin Ralle Hauge-rud, Live Kaasa, Noa Sønstebø Sandnes, Susann Skindalen, Emilie Tveitan og Tia Tomine S. Evju.



**To konkurrentar.** Magnus Heggelund (t.v.) og Andreas Borgersen gjekk ut saman på sin runde i klassisk stil.



**Hektisk før start.** André Horgen leia mannskapa som ordna med start og tidtaking. Her var det ganske hektisk like før start.

## Går for Midt-Telemark og Seljord

**Bø Venstre vil gå for eit forprosjekt som skal sjå på samanslåing av kommunane Bø, Sauherad, Nome og Seljord.**

Hilde Eika Nesje  
redaksjon@boblad.no – tlf 947 89 450

Bø Venstre har tru på ei samanslåing av kommunane i Midt-Telemark, Sauherad, Bø og Nome, i tillegg til Seljord. Partiet ser for

seg at desse fire kommunane kan fungere godt som ein ny og større kommune.

### Ønskjer forprosjekt

Under årsmøtet til Bø Venstre blei det tysdag kveld einstemmig vedtatt å gå inn for eit forprosjekt med tanke på samanslåing av Seljord, Sauherad, Nome og Bø til ein kommune.

– Eg støttar dette vedtaket fullt ut. Eg trur og meiner at dette kan bli veldig bra etter at Bø

har vore trulova med Sauherad og Nome i ti-elleve år. Me har til nå hatt eit tett og godt samarbeid som eg trur vil bli enda betre med tida, seier ordførar i Bø, Olav Kasland.

Han trur at det å få med Seljord vil gjere styrke Midt-Telemark ytterlegare.

– Seljord vil vere ein god og naturleg partner for oss andre i Midt-Telemark, med sin kultur, festivalar, handel og turisme, seier Kasland.

### Imot søndagsoppe

Bø Venstre tok også standpunkt til forslaget frå regjeringa om søndagsopne butikkar under årsmøtet tysdag.

– Me ønskjer å vidareføre dagens reglar for opningstider og går imot det nye forslaget frå regjeringa om å ha søndagsopne butikkar. Det vedtok eit einstemmig årsmøte, seier Kasland.

### Kjørde på hjort

Måndag kveld vart ein hjort påkjørt på riksveg 36 ved Grindekåsa i Nome. Det vart ikkje personskadar, men noko skade på bilen og ein skada hjort.

### Hus brann ned

Natt til måndag brann eit hus i Haugenvegen på Gvarv ned. Politiet fekk melding om brann litt før midnatt og melde på twitter. no seinare på natta at huset var heilt nedbrent. Huseigar kom ikkje til skade i brannen og det skal ikkje ha vore andre til stades.

### Hestar i vegen

Søndag sprang det hestar i bilvegen sør for Ulefoss. Ein sprang inn i ein bil og det vart ein liten skade på bilen. Eigaren tok hand om hestane, melder politiet.

### Bilbrann

Det var brann i ein bil øvst i Folkestadvegen i Bø søndag. Det var ingen i bilen. Brannvesenet rykte ut, ifølgje politiet.

### Rusa og utan førarkort

I helga vart ein mann i 50-åra meld for køyring utan førarkort og køyring i rusa tilstand. Det skjedde i Nome, melder politiet.

### Innbrottsforsøk

Natt til laurdag hadde nokon prøvd å bryte seg inn på Europris og på G-sport, ifølgje politiet.

### Utan førarkort

Før helga vart ein mann stoppa av UP i Sauherad. Mannen kjøyrde utan førarkort og blir meld, opplyser politiet.

### Brann i container

Det vart oppdaga brann i ein container i Lektorvegen. Politiet var på staden. Ein mann vart seinare pågripen og avhøyrd, melder politiet på twitter.no

### Skrapa ikkje is

Ein mann vart stoppa i Bø med nedisa vindaug. Saka vart meld og førarkortet er beslaglagt, melder politiet.

### Bør ikkje leike med mobil

– Ikkje la barna leike med gamle mobiltelefonar. Det oppfordrar politiet på twitter.no.

– Utruleg mange endar opp med å ringe 112, påpeikar politiet. Det skjedde sist søndag.

### Møte i helse og velferd

Utval for helse og velferd (HV-utvalet) hadde sitt første møte for året i går. Tre større saker stod på sakskartet. Nasjonal tilskotsordning for barnefattigdom, kommunal garanti for etablering av flyktningbustadar og orientering om status for pårørandeutval i pleie- og omsorgssektoren. Det er Kristin Ødegård Vestgarden (V) som er leiar for utvalet.